



Olaf Agnar Gausvik har grunn til å vera tilfreds med den første boka si både med omsyn til innhald og sal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdag kom han heimatt, uskedelingen Olaf Agnar Gausvik (64). For å sneia innom eit bibelsk uttrykk kom han til sine egne – og dei kjende han! Samstundes kjende han dei, så å seia utan unnatak.

Olaf Agnar er lærar, men har vore ein skrivande kar heile livet. Han kom heim som forfattar og bokseljar og var hjarteleg tilstades på Sanden.

Olaf Agnar har skreve boka "Det droplar og dryp" etter at han har vore åtte år i eit sørlandsk eksil. Den er spekka med underfundige skjemtevers, meir alvorsame dikt, prologar og viser, for å nemna noko. Spennvidda er svært stor.

Salet på heimebane i Uskedalen har gått så bra at det ikkje berre droplar – det dryp på Olaf Agnar Agnar no om dagen. Førsteopplaget på 200 er snart seld og forfattaren er særns nøgd over mottakinga. No er han viss på at prosjektet vil gå i balanse.

- Men "droplar og dryp" har vel ikkje berre noko med nedbør å gjera, det er vel også ein viss symbolikk i det?
- Det har du rett i. Det har vore sagt at det er ei lyrisk åre i slekta vår. Bestefaren min, Andreas Bjelland, skreiv mykje og gav ut to aviser og onkel Wilhelm var også ein skrivande mann. Medan det har dropla av dei dryp det frå meg.

Boka er eit resultat av drypp gjennom 30-40 år. Men ho vart til verkelegheit først etter mas frå dottera mi og ein telefon frå han som driv Setesdalsforlaget.

Sidan eg kom til Sørlandet har eg særleg hatt bidrag i spalta "Oss sørlendinger imellom" i den store distriktsavisa Fædrelandsvennen. Og så har eg utvikla meg med omsyn til viser og sang.

Dei har meir sans for det der nede enn her, dei grip til gitaren både titt og ofte.

Men ikkje misforstå – det er her eg har røtene mine og kjenner meg heime, eg er fødd og oppvaksen i Uskedalen og har levd det meste av mitt vaksne liv her. Det er stort å komma heimatt, seier Olaf Agnar og skriv personlege helsingar så knokane hvitnar.

Med unnatak av to journalistår i Kvinnheringen har forfattaren vore lærar heile livet – sist i Mosby skule som ligg ved porten til Kristiansand når du kjem ned Setesdalen. No er han på veg inn i pensjonistlivet.

Olaf Agnar bur i Songdal kommune, berre åtte minuttar med toget frå byen. Men ved stasjonen "hans" stoppar toget no berre på signal og det har fått forfattaren til å filosofera litt: Han har sett mange stoppsignal gjennom livet, men berre teke nokre av dei på alvor. Etterkvart har han fått sanne at nedbremsingar for å bli kjent med stader, menneske, hendingar, tankar, kjensler og stemningar har gjeve han mykje meir enn resten av reisa.

- Dei gamle rutehefta til HSD hadde nemninga stjernestopp på einskilde stoppestader. I den andre delen av boka kjem eg inn på nokre av mine stjernestopp, seier Olaf Agnar.

Etterkvart står uskedelingane i kø rundt han og gjensynsgleda er stor.

- Så lengje sidan eg har sett deg, seier ein.

- Kjekt å sjå deg, seier ein annan.

- Så er du på heimlege traktar, kjem det frå ein tredje.

- Jau, det heiter jo i songen at barnet hyggjar seg best i heimen, legg ein fjerde til.

Og Olaf Agnar er ikkje sein med å kvittera:

- Eg høyrer at familien har vakse!

- Så fint å sjå deg, eg har skreve om eika di!

Av Ola Matti Mathisen



Edvin Kjærland kjøper bok av Olaf Agnar Gausvik. (Foto: Ola Matti Mathisen)